

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«Linje 964 er ein ringbuss som går Voss stasjon-Skjerpe og Voss stasjon-Brekkesvingen. Linja dekkjer først og fremst bustadområder, og vert mellom anna nytta som skuleskyss. På dagtid går linja ein gong i timen til og frå Skjerpe, og om ettermiddagen er det fire turar til/frå Skjerpe med siste tur frå Skjerpe 20:37 pluss ei «Trygt heim-rute» natt ilt laurdag. Ruta går heile året, med unnatak av ein avgang 13:30, som ikkje går i perioden 25/6-12/8.

Voss Resort har eigne skibussar med korrespondanse til toget i vintersesongen. Frå sommaren 2019 opnar ny gondolbane frå Voss stasjon, som vil gje eit nytt tilbod for brukarar og tilsette ved Voss Resort sine anlegg og aktivitetar.

Avgang 07:55 frå Voss stasjon, som kunne vere aktuelt for tilsette å nytte dersom ruta vart forlenga til Voss Resort, er knytt opp mot skuleskyss. Forlenging til Voss Resort på denne turen vil innebere auka køyretid, og ein må starte tidlegare frå Voss stasjon for å rekke skulestart. Denne tida på døgeret er alle bussar i produksjon. Ein ny avgang kan medføre bestilling av ny buss frå operatør. Nytt av eit slikt tiltak, med omsyn til faktisk etterspurnad, bør difor stå i høve til kostnaden dette medfører.

Eit kollektivtilbod til Voss Resort/Bavallen vil truleg ha avgrensa etterspurnad frå hyttebebuarar, grunna avstand og topografiske tilhøve. Når det gjeld aktivitetar for born og unge på kveldstid ser fylkesordføreren behov for at ein får konkrete innspel på kva avgangar og i kva periode behovet gjeld.

Fylkesordføreren ser det som naturleg å vurdere spørsmåla om kollektivtilbod til Voss Resort i samanheng med ny gondolbane, og kva tilbod ein legg opp til når det gjeld opningstider for gondolbana for vintersesongen 2019/2020.»